



KOPI

Anthony Natås
Sævråsvegen 305
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/906 - 15/24973

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
13.07.2015

Vedrørende søknad om etablering av minireinseanlegg - gbnr. 43/9 - Natås - Trong for tilleggsopplysningar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.05.15. Ved ein inkurie har søknaden dykkar vorte ført på feil eining og feil sakshandsamar hjå kommunen. Søknaden har difort vorte liggjande utan at sakshandsamar hjå byggesak har hatt kjennskap til søknaden. Dette er ei svikt i kommunen sine rutiner. Vi seier oss leie for at søknaden dykkar har vorte liggjande uhandsama hjå oss.

Vi har etter dykkar henvending per epost 10.07.15 kontrollert søknaden, det er manglar ved innsendt dokumentasjon, samt vilkår i utleppsløyvet datert 23.04.15 er ikkje dokumentert.

I vilkår nr. 3 i nemnde vedtak punkt 2 står det at (...)oppdatert og målsatt situasjonskart som viser plassering av anlegget og kor avlaupet frå reinseanlegget vert ført vidare skal følgja søknaden. (...)

Det er ikkje levert ved situasjonskart i søknad dagsett 15.05.15. Vidare er det ikkje levert ved følgjande skjema:

Søknad om løyve i eitt-trinn (blankett nr. 5174) som i tillegg til å vere søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova, også omfattar søknad om ansvarsrett i rolla som ansvarleg søker. Nemnde blankett skal vere signert av ansvarleg søker samt av tiltakshavar.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Oppdatert situasjonskart som syner plassering av anlegget og kor avlaupet frå reinseanlegget vert ført vidare.
2. Blankett 5174 søknad om løyve til tiltak.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.10.15. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5174N_Søknad om tillatel se til

Kopi til:

Anthony Natås

Sævråsvegen 305 5957

MYKING

Mottakarar:

Sartor VVS AS

Idrettsvn 51 A Pb 5342
230

STRAUME